

Nr.: 10 / 2007 1. november 2007

Stabil, låg arbeidsløyse

”Arbeidsløysa held seg stabil låg i fylket. Høg overgang til jobb, låg tilgang av nye arbeidssøkarar og opptrapping av tiltaksbruken mot dei ledige er årsakene til dette. Tala for oktober synar og at det er stor gjennomtrekk av dei ledige i fylket kor nesten 70 prosent har vore ledig i mindre enn 3 månader”, seier fylkesdirektør i NAV Møre og Romsdal, Olaug Flø Brekke.

Ved utgangen av oktober var det 1.540 personar heilt utan arbeid i Møre og Romsdal. Dette utgjør 1,2 prosent av arbeidsstyrken og er ein nedgang på 25,4 prosent samanlikna med same periode i fjor, og ein nedgang på 9,7 prosent i høve til sist månad. I oktober var 532 personar på ulike arbeidsmarknadstiltak. Til saman gir dette ei brutto arbeidsløyse på 2.072 personar i fylket. Sesongjusterte tal på brutto arbeidsløyse har halde seg stabil på 2.210 personar dei siste tre månadene.

I landet er det 40.312 heilt ledige. Dette utgjør 1,7 prosent av arbeidsstyrken og er ein nedgang på 24,6 prosent samanlikna med same periode i fjor, og ein nedgang på 7,2 prosent i høve til sist månad.

Flest ledige utan fullført vidaregåande skole

35 prosent av dei heilt ledige har ikkje fullført vidaregåande skole. 81 prosent av dei heilt ledige har grunnskole, ikkje avslutta vidaregåande skole eller fullført vidaregåande skule som utdanningsbakgrunn. Å fullføre påbegynt skolegang synar seg viktig for å komme seg i arbeid, og ikkje minst er lettare å komme i jobb for dei som har tatt høgare utdanning.

Mange korttidsledige

1.046 av dei heilt ledige, 68 prosent, har vært ledig i 3 månader eller mindre. 37 prosent av dei heilt ledige har vært ledig i under 4 veker. Berre 7 prosent har vært ledig i meir enn eit år. De er no 261 personar i kategorien langtidsledig. Nedgangen blant dei langtidsledige har vært stor siste år med ein reduksjon på 38 prosent.

Under ein prosent arbeidsløyse i kvar tredje kommune

13 kommunar i fylket har no ei arbeidsløyse som er lågare enn ein prosent. Lågast er Midsund med 0,1 prosent medan Smøla har høgast med 1,9 prosent. I Kristiansund gikk arbeidsløysa ned frå 1,9 prosent i september til 1,6 prosent i oktober. Siste år har arbeidsløysa gått ned med 37 prosent i Kristiansund, og har med det størst nedgang blant dei store byane i fylket.

Størst nedgang blant leiarar

Siste år har nedgangen vore størst blant dei med leiing som yrkesbakgrunn kor det no er 42 prosent færre ledige. Nedgangen har også vore stor blant butikk- og salsarbeidarar med 36 prosent, ingeniør og ikt-fag med 35 prosent og jordbruk, skogbruk og fiske med 35 prosent. Blant ledige med akademiske yrke eller undervisning har det vore ei auke i talet på ledige med hhv. 12 og 2 prosent siste år.

Stor etterspørsel etter ingeniørar

I oktober blei det utlyst flest nye stillingar innan industriarbeid (302 stillingar), helse, pleie og omsorg (299), bygg og anlegg (233) og butikk- og salsarbeid (201). For helse, pleie, omsorg og bygg og anlegg er dette ein nedgang på hhv. 10 og 3 prosent i høve til i fjor. Jordbruk, skogbruk og fiske samt meklarar og konsulentar har og ein nedgang i utlyste stillingar med hhv. 78 og 18 prosent. Størst prosentvis auke av nye stillingar siste år har vært innan ingeniør- og ikt-fag med 66 prosent, kontorarbeid med 54 prosent og akademiske yrker med 43 prosent. 136 av dei totalt 198 utlyste stillingane innan ingeniør- og ikt-fag var relatert til ingeniør/sivilingeniør. Det blei utlyst 2.143 stillingar i fylket i oktober som er ei auke på 12 prosent i høve til oktober i fjor.

NAV MØRE OG ROMSDAL

Postadresse: Serviceboks 14 Årødal // 6405 Molde
Besøksadresse: Verftsgata 5 // 6405 Molde
Tlf: 70320900 // Faks: 70320901

For nærare opplysningar kontakt
Stig Lodve Janbu, tel. 70 32 09 55.

Neste frigjeving av statistikk om arbeidsmarknaden: 29. november 2007.
Ved publikasjon av tal frå denne pressemeldinga skal NAV Møre og Romsdal gjevast opp som kjelde.

Tabellar:**Talet på heilt ledige –
oktober 2007**

Fylke	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstyrken	Endring siste mnd	Endring siste år
01 Østfold	1197	1231	2428	1,8 %	-92	-761
02 Akershus	1626	1657	3283	1,2 %	-321	-1612
03 Oslo	3669	3021	6690	2,2 %	-708	-2281
04 Hedmark	796	767	1563	1,7 %	-192	-611
05 Oppland	561	594	1155	1,3 %	27	-260
06 Buskerud	1011	1094	2105	1,5 %	-235	-724
07 Vestfold	992	954	1946	1,7 %	-80	-508
08 Telemark	830	724	1554	1,9 %	-185	-457
09 Aust-Agder	452	443	895	1,7 %	-45	-254
10 Vest-Agder	680	622	1302	1,6 %	-141	-552
11 Rogaland	1176	1168	2344	1,1 %	-84	-956
12 Hordaland	1948	1892	3840	1,6 %	-281	-1289
14 Sogn og Fjordane	263	254	517	0,9 %	-62	-220
15 Møre og Romsdal	773	767	1540	1,2 %	-166	-524
16 Sør-Trøndelag	1477	1462	2939	2,0 %	-119	-651
17 Nord-Trøndelag	648	585	1233	1,9 %	-24	-153
18 Nordland	1309	1162	2471	2,1 %	-161	-738
19 Troms	887	536	1423	1,8 %	-152	-302
20 Finnmark	673	398	1071	2,9 %	-89	-275
99 Ikke i et fylkesdistr.	4	9	13	0,0 %	3	10
Riket	20972	19340	40312	1,7 %	-3107	-13118

**Talet på heilt ledige –
oktober 2007**

Kommune	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstyrken	Endring siste mnd	Endring siste år
1502 Molde	77	38	115	0,9 %	-34	-61
1503 Kristiansund	86	54	140	1,6 %	-20	-82
1504 Ålesund	153	188	341	1,6 %	-30	-135
1511 Vanylven	12	14	26	1,5 %	-3	-19
1514 Sande	5	5	10	0,8 %	-3	-11
1515 Herøy	22	31	53	1,3 %	-8	-12
1516 Ulstein	18	19	37	1,1 %	2	-12
1517 Hareid	22	20	42	1,8 %	-6	4
1519 Volda	28	26	54	1,3 %	-12	-14
1520 Ørsta	25	32	57	1,1 %	-8	-49
1523 Ørskog	2	6	8	0,7 %	-5	-1
1524 Norddal	2	5	7	0,7 %	0	-1
1525 Stranda	7	3	10	0,4 %	-1	-5
1526 Stordal	2	2	4	0,8 %	2	1
1528 Sykkylven	15	23	38	0,9 %	2	-1
1529 Skodje	7	18	25	1,3 %	-6	-9
1531 Sula	25	26	51	1,3 %	-9	-6
1532 Giske	25	25	50	1,5 %	2	16
1534 Haram	16	23	39	0,9 %	-1	-15
1535 Vestnes	15	18	33	1,0 %	4	4
1539 Rauma	33	30	63	1,7 %	17	23
1543 Nesset	12	2	14	0,9 %	-1	-9
1545 Midsund	1	0	1	0,1 %	-8	-13
1546 Sandøy	1	3	4	0,6 %	1	1
1547 Aukra	6	4	10	0,6 %	-8	-1
1548 Fræna	26	24	50	1,0 %	-5	-11
1551 Eide	7	13	20	1,2 %	-4	-6
1554 Averøy	15	19	34	1,3 %	-13	-9
1556 Frei	21	15	36	1,3 %	-6	-23
1557 Gjemnes	8	10	18	1,3 %	-3	-10
1560 Tingvoll	7	9	16	1,1 %	0	-4
1563 Sunndal	20	17	37	1,0 %	-3	-20
1566 Surnadal	20	16	36	1,2 %	10	-6
1567 Rindal	3	4	7	0,7 %	-3	-3
1571 Halså	8	5	13	1,6 %	4	2
1573 Smøla	10	10	20	1,9 %	3	-3
1576 Aure	12	6	18	1,0 %	-5	-17
Justering*	-1	4	3		-8	-7
Sum	773	767	1540	1,2 %	-166	-524

* Personar busett i kommunar i Møre og Romsdal men som er registrert ved NAV arbeid lokal i andre fylker.

NAV arbeid - distrikt

NAV Molde arbeid	175	133	308	1,1 %	-43	-77
NAV Ørsta arbeid	52	58	110	1,2 %	-23	-65
NAV Ulstein arbeid	75	90	165	1,3 %	-17	-49
NAV Ålesund arbeid	259	318	577	1,3 %	-43	-161
NAV Sunndal arbeid	64	55	119	1,0 %	5	-28
NAV Kr.sund arbeid	148	113	261	1,4 %	-45	-144
Møre og Romsdal	773	767	1540	1,2 %	-166	-524